



Kultur

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2695 - 21/29529

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
30.04.2021

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 139/26 Tveiten nedre

Tiltak: Oppføring av garasje
Byggjestad: Gbnr: 139/26
Tiltakshavar: Ole Morten Seljestad
Ansvarleg søkjar: Bergens Garasjen AS

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje på BRA 46,8 og BYA 49,6. Bygget blir plassert på kote +44. Egedommen er omfatta av KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031.

Planstatus

Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremål. Tiltaket er vurdert til å vera i tråd med arealføremålet. Området er omfatta av omsynssone H570_1.

I gjelande KDP gjem det fram fylgjande under 4.2.4 «Omsyn kulturmiljø og kulturminner (H570)»

Det er teke omsyn til kjente kulturminner og kulturmiljø ved lokalisering av nye arealformål. Det er lagt inn nokre kulturmiljø som omsynssone. Sona omfattar område med kulturminne- og miljø av særskilt verdi, og som skal ivaretaast for framtida. Nye tiltak vil normalt ikkje kunne godkjennast innanfor sona utan særskilt handsaming.

Ved etablering av tiltak på eigedommar som ligg i omsynssona skal søknad sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.

Eksisterande verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på og ikkje rivast. Ved utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om løyve etter pbl. §§20-1 til 20-8 skal tiltaket skje på vernet sine premisser og innanfor kulturminne/miljøet si tålegrense for endring. Det gjeld særleg tilpassing til bygningane si plassering i tun eller terreng, utforming, hovudkonstruksjonar, takform, fasadematerialbruk og fargebruk. Ved søknad om løyve til tiltak kan kommunen vurdere å gje mellombels forbod om tiltak. Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein arkitektonisk, kulturhistorisk og estetisk omtale som viser korleis tiltaket tek omsyn seg til verneføremålet.

Før kommunen handsamar saka, vert søknaden sendt på høyring til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser i tråd med punkt 4.2.4.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

D - 1 139_26. Sit. plan, vedl. D1
E - 1 139_26. Tegninger, vedl. E1

Kopi til:

Bergens Garasjen AS	C/O Igland Garasjen AS Reddalsveien 47	4886	GRIMSTAD
---------------------	---	------	----------

Mottakarar:

Kultur Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
----------------------------------	---------------	------	--------